



# Årsmelding 2021

---

30.03.2022

---

**Øygarden brann og redning KF**

- I arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn!



## Innhold

---

1.0 Innleiing.....	3
2.0 Samandrag .....	5
3.0 Brann- og redningssjefen sine kommentarar .....	6
4.0 Om føretaket.....	7
4.1 Organisering.....	7
4.2 Styret .....	7
4.3 Sentrale dokumenter .....	7
4.3.1 Vedtekter.....	7
4.3.2 Driftsavtale .....	7
4.3.3 Verksemdsplan .....	7
4.4 Administrasjonsavdeling .....	7
4.5 Beredskapsavdeling .....	9
4.6 Førebyggjande avdeling .....	13

## 1.0 Innleiing

### Verksemda og styret

Øygarden brann og redning KF (ØBR) er eit kommunalt føretak. Føretaket har eigne vedtekter og driftsavtale med kommunen, og årleg vert det utarbeidd ei verksemdsplan for det komande året. Hovudoppgåva er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Styret gjennomførte sju møter i 2021, og har slik samansetting:

Medlem	Varamedlem	
Per Rune Eikeseth, (leiar)	Trygve Andreas Waage	1. vara
Elna Nybakk, (nestleiar)	Espen Cornell Jacobsen	2. vara
Åse Gunn Husebø	Silvia Haugland	3. vara
Terje Strandtun	Irene Nesse Vorland	4. vara
Børre Brekkvassmo (tilsett)	Remi Oen (tilsett)	vara for Børre Brekkvassmo

### Likestilling

Styret i føretaket har 5 medlemmar. Herav 2 kvinner og 3 menn. 1 representant er vald av tilsette. Eigarane stettar kravet til kjønnsrepresentasjon. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, ved fastsetting av løn osv., legg føretaket vekt på at personar av begge kjønn skal handsamast likt. I føretaket er det per 31.12.2021 tilsett ca. 3 % kvinner, og ØBR ønskjer å rekruttere fleire kvinner til brann- og redningstenesta.

### Kort om økonomi

Utfordrande økonomisk situasjon og særleg stor kostnadar med storbrann i juni. Høge utgifter til løn og sosiale utgifter, samt refusjonar til andre brann- og redningstenester utgjer i all hovudsak skilnaden mellom budsjett og rekngskap for desse kontoane. Tiltak vart gjort for å halde kostnadene nede. M.a. ved å halde vakante stillinger ledig. Det var også meirbetaling av avdrag (utover bankens betalingsplan, men krav i kommunelova) og ekstrakostnad del 1 for innføring av nytt oppdragshandteringsverktøy ved 110 Vest.

### Vegen vidare

Styret gjer merksam på at det iflg. driftsavtala mellom Øygarden brann og redning KF og Øygarden kommune årleg skal setjast av midlar til fond i samband med budsjettbehandlinga i kommunestyret for det komande året. I kommunestyret i juni 2021 vart det sett av kr 250 000 til fond.

Investeringsfond kan ikkje direkte nyttast til å saldere driftsbudsjettet, eller førast over til driftsfond.

Styret ser med uro på den økonomiske utviklinga av driftsfondet, og manglande moglegheit til å fylle opp. M.a. høge kostnadar med storbrannen i juni gjer at vi ikkje vil klare å etablere midlar til driftsfondet.

**Kommentarar til § 14-7 i kommuneloven som gjeld årsmelding.**

<b>§ 14-7 i kommuneloven. Gjeld årsmelding.</b>	<b>Øygarden brann og redning KF - kommentarar</b>
a) <i>forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid</i>	2021 var økonomisk utfordrande. Grunna manglande lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2020, vart det ei klår mindreinntekt som førte til meirforbruk ved denne sjølvkosttenesta. Ved rekneskapsbehandlinga i kommunestyret vart dette var dekt inn med bruk av driftsfondet frå ikkje-avgiftsfinansiert del av brann- og redningstenesta og ekstraløying frå kommunestyret. Den store lyng- og utmarksbrannen i juni påførte ØBR eit kostnad på om lag 5,2 mill. Øygarden kommune fekk tildelt kr 3 mill. frå Statsforvaltaren i Vestland.
b) <i>vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene</i>	Volum på driftsbudsjettet var tydeleg høgare enn ophavleg budsjettet. Hovudårsaka er den store lyng- og utmarksbrannen i juni, som kosta ØBR om lag 5,2 mill. ØBR vart kompensert med 3 mill frå skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland.
c) <i>virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne</i>	Informasjon om dette finn ein i kapittel for kvar avdeling.
d) <i>tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard</i>	Øygarden brann og redning KF er ein del av Øygarden kommune og føl kommunen sine etiske retningslinjer.
e) <i>den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling</i>	Kommentarar til dette går fram i årsmeldinga. Sjå elles under kapittel lenger over i dette kapittelet.
f) <i>hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.</i>	Øygarden brann og redning KF er ein del av Øygarden kommune og føl kommunen i dette arbeidet.



## 2.0 Samandrag

---

Øygarden brann og redning KF (ØBR) er ein integrert del av Øygarden kommune, men til skilnad frå andre kommunale tenesteområder, rapporterer dagleg leiar til eit styret, som igjen svarar direkte til kommunestyret. Styret har mynde til å treffe avgjer i alle saker som gjeld føretaket og verksemda i føretaket.

Coronapandemien førte også i 2021 til strenge smittevernrutiner. Det var og omlegging og innskrenking i drifta i store perioder av året. ØBR klart å halde vaktberedskap og rimelig god tenesteproduksjon gjennom heile året, til tross for pandemien.

Ein del utskiftingar ved førebyggjande avdeling gjorde sitt til at personellressursane ikkje var tilstrekkeleg til å nå alle dei mål ein hadde sett, men i stort kan ein seie at produksjonen var bra gitt dei føresetnadane som var grunna både Coronapandemien og redusert bemanning.

Det vart arbeidd ein del med revisjon av brannokumentasjon for kommunen, men m.a. grunna varsla ny forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften), vart arbeidet mellombels stansa. Truleg kjem saka til styret i løpet av 2022.

I 2021 vart Dalsneset brannstasjon noko oppgradert for å redusere eksponering av kjemisk påverknad. Vi kom ikkje i hamn med Moglegheitsstudia for brannstasjonsløyising nord, men arbeidet held fram i 2022. Det vart og arbeidd med løyisingar for endringer ved Ågotnes brannstasjon, og her ser vi føre oss at oppgradering vil kunne starte i 2022. Kommunestyret gav i desember endeleg grønt lys for oppstart av Teknisk servicebygg sør. Delar av bygget vert nye Skogsskiftet brannstasjon.

Nærversprosenten for 2021 var på 91,6 %. Dette er relativt lågt, men årsak tli fråværet skuldast ikkje arbeid i regi av ØBR. Långtidssjukemelding frå heiltidstilsett gjennom året trekk fort opp, og ei oppmoding om å ha låg terskel for å halde seg heime verkar også inn.

I juni var kommunen råka av ein stor og krevjande lyng- og utmarksbrann. Store areal vart svidd av, og mange innbyggjarar måtte evakuerast frå grender og bustadfelt grunna frykt for at brannen skulle ta seg inn i slike område. I samarbeid med ei rekkje aktørar lukkast det å stoppe brannen før den tok seg til dei store bustadområda ved t.d. Ågotnes. Brannen er estimert til å ha kosta ØBR om lag 5,2 mill. Øygarden kommune søkte Statsforvaltaren om ekstra midlar, og vi vart tildelt kr 3 mill. Det var og i tillegg høgare kostnadar til avdrag på lån, og for andel til 110 Vest.

## 3.0 Brann- og redningssjefen sine kommentarar

---

Eg ønskjer i denne årsmeldinga å starte med Nye Skogsskiftet brannstasjon. I desember 2021 godkjende kommunestyret endeleg investeringa i nytt Teknisk servicebygg sør, der brann- og redningstenesta vert ein av fleire brukarar. Vi får her nye og funksjonelle lokalitetar for våre tilsette ved Skogsskiftet brannstasjon. Dette vert kjekt. I tillegg til arbeidet med å gjere stasjonstilhøva betre ved vår sørlege stasjon, er Dalneset brannstasjon i nord, noko oppgradert. Den er betre, men det let seg ikkje gjere å få ein helt optimal løysing utan ei total ombygging og utviding. Vi må i denne omgongen sjå arbeidet opp mot Moglegheitsstudia som pågår. Den kan ende opp med å tilrå behov for ny lokasjon. Stasjonen har ikkje den storleik, innreiing eller eigentleg den plassering, som er ønskeleg.

Vi har i 2021 gjeve Arbeidstilsynet to tilbakemeldingar på vårt arbeid med å gjere den kjemiske påverknaden lågare ved våre stasjonar, og bilar. I 2022 skal seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg få nye feiebilar, med betre inndeling i rein og skitten sone. Begge tilbakemeldingane frå Arbeidstilsynet må tolkast som positive og vi kan vise til betring ved alle våre tilbakemeldingar. Sjølvsaft hadde vi ønska å få retta opp ting raskare, men det er i hvert fall framdrift. Verneomboda har vore med i arbeidet heile vegen.

Den store lyng- og utmarksbrannen, som starta i Fjæreide, tidleg i juni var ein skikkeleg utfordring. ØBR vart sett på ein alvorleg prøve. Etter vår meining vart resultat bra, til tross for at store areal og ein bustad gjekk tapt. Brannen hadde eit potensiale for å kome inn over tettbygde område både i nord og vest, men god innsats frå både ØBR, ei rekkje samarbeidsbrann- og redningstenester, industrivern, sivilforsvar, Skogbrannhelikoptre m.fl. unngjekk ein at brannen t.d. ikkje nådde bustadfeltet på Maggevarde og Valderhaug eller fleire truga hus langs Vestsidevegen. Evalueringa i etterkant peika på område for forbetring, men også på den samla sett formidable innsatsen ein klarte å mobilisere til gjennom samarbeid. Vår interne evaluering resulterte i ein tiltaksplan med ulike punkt for læring og forbetring.

Det må vere lov å etterkvart vere lei Coronapandemien sine bølger. Største delen av våre tilsette ved beredskapsstyrken har fulgt oppmodinga om å ta vaksine, og vi har klart å halde beredskapsstyrken godt forspent gjennom heile året. Så er det berre å håpe på at 2022 let oss kome inn i normalsituasjon igjen.

Kostnaden etter storbrannen i juni var høg, og sjølv med støtte frå Statsforvaltaren, dreg denne kostnaden i retning av meirforbruk. Vi har prøvd å halde forbruket så låg som råd, inkludert halde vakante stillingar ledig. Det er likevel ein balanse mellom å ha tilstrekkeleg personellressursar til å gje eit godt tenestilbod, og det å spare ved å halde stillingar vakant. Det er særleg vår førebyggjande avdeling som har merka dette godt. For 2022 vil dei vakante stillingane verte fylt opp med nye medarbeidarar. Til tross for manglande ressursar har det vore arbeid godt med det førebyggjande arbeidet. Særleg viktig er arbeid retta mot barn og unge, og menneske med særskilde behov.

Rekneskapsmessig resultat er ikkje tilfredsstillande, men let seg godt forklare gjennom store uventa utgifter. Det er difor litt ugreit når vi i desember 2021 får vite at vår kostnaden til 110 Vest og nytt oppdragshandteringverktøy i 2022 vert stor, når budsjettet for 2022 så og sei er klart for kommunestyret. Her får styret ein finansiell utfordring i 2022 med å bake inn auka utgifter.

Styret har gjennomført sju møter gjennom pandemiåret. I all hovudsak gjennom Teams-møter.

Takk til våre tilsette og styret for godt samarbeid i eit år med fleire store utfordringar som t.d. storbrann i juni og framleis pågåande Covid-smitte.

21.03.2022

Bjørn Olav Paulsen

brann- og redningssjef

## 4.0 Om føretaket

---

### 4.1 Organisering

Føretaket er bygd opp med eige styre, som rapporterer direkte til kommunestyret. Dagleg leiar rapporterer til styreleiar. Brann- og redningstenesta er vidare inndelt i administrasjonsavdeling, beredskapsavdeling og førebyggjande avdeling. Føretaket har om lag 70 heil- og deltidstilsette. Regionen har tre brannstasjonar; Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes. Hovudstasjonen ligg på Ågotnes der også administrasjonen held til.

### 4.2 Styret

Føretaket sitt styre skal bestå av 5 medlemmar og 5 varamedlemar, med numerisk varamedlem. Unntak er medlemmet som er vald av og blant tilsette, som har personleg vara,

Styret vert vald av kommunestyret etter følgjande reglar:

- 4 medlemmar og 4 varamedlemar vert vald blant kommunestyret sine medlemmar eller andre innbyggjarar i kommunen, som kommunestyret vil føreslå
- 1 medlem med varamedlem vert vald blant dei tilsette etter forslag frå organisasjonane

Frå § 8, 4. ledd i vedtektene for føretaket, går det fram at styret skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande brandokumentasjon, og skal presentere verksemdsplanen for kommunestyret.

### 4.3 Sentrale dokumenter

#### 4.3.1 Vedtekter

Det er utarbeidd vedtekter for føretaket. Dei regulerer den formelle overbygginga og klargjer formål og oppgåver, samansetting av, og oppgåver for, styret o.a.

#### 4.3.2 Driftsavtale

Øygarden kommune og Øygarden brann og redning KF har også ei driftsavtale. Denne avtalen er meir konkret og seier noko om tenesteproduksjon, økonomi, støttetjenester m.m.

#### 4.3.3 Verksemdsplan

Føretaket skal utarbeide ein verksemdsplan. Den skal fungere som ein overordna driftsplan for føretaket. Planen har kort til mellom lang tidshorisont. Typisk 1 – 4 år. Krav til å utarbeide ein verksemdsplan finn vi i pkt. 3.1 i driftsavtalen.

## 4.4 Administrasjonsavdeling

### Organisasjonsendring

2021 vart nok eit spesielt år, med framleis utfordringar knytt til etablering av av det kommunale føretaket. Vi fekk endeleg avslutta Øygarden brann og redning IKS (Brønnøysundregistrene). Etter kvart har vi komet godt i gong med bruken av Compilo. Her har reglement, retningsliner, orienteringar, rapportar og prosedyrar etter kvart kome på plass. Saksbehandlninga går betre i Websak, sjølv om dette programmet ikkje er den mest intiutive og oversiktlege programvare som vert nytta.

### Coroanpandemien

Avdelinga har klart å halde ein rimeleg god produksjon gjennom nok eit Coronaår. Bruken av heimekontor har vore omfattande, og tiltaka for å unngå smitte fleire.

## Internkontroll og bedriftshelseteneste

Det var gjennomført ein internrevisjon og leiinga si gjennomgang.

Ny overordna styringsdokumentasjon kom på plass. Stilingsinnhald for stillingar ved ØBR vart klare, og nye reglement og retningslinjer utarbeidd.

Dei tilsett ved ØBR tok i bruk vår nye leverandør av bedriftshelseteneste, Avonova. Vi ser likevel at det ikkje er heilt optimalt at bedriftshelsetenesta ligg midt i Bergen, til skilnad frå vår førre leverandør, som hadde lokalitetar ved CCB. Det går vekk mykje tid til reise att og fram.

## Tilsyn frå Arbeidstilsynet

I 2021 fortsatte arbeidet med å redusere kjemisk påverknad. Dette gjeld i hovudsak våre brannstasjonar med fokus på rein/skitten-sone problematikk. Vi har sendt to tilbakemeldingar om framdrifta for å lukke pålegget frå Arbeidstilsynet. (Ein i april og ein i november). For begge har vi fått ei grei tilbakemelding, som viser at til tross for pandemien og vanskeleg økonomiske tilhøve, så er det forbetringar.


- Dalsneset brannstasjon: Stasjonen er oppgradert med m.a. betre garderobetilhøve og det pågår eit arbeid i ei Mogleighetsstudie for å avklare framtidig brannstasjonsløyising nord – Dalneset. Dette arbeidet held fram i 2022.
- Skogskiftet brannstasjon: Endeleg grønt lys for investering i nytt teknsik servicebygg sør fekk vi i kommunestyret i desember 2021. I skrivande stund er området gjerda inn, og arbeidet har teke til. Vi ser fram til å kome inn i nye funksjonelle lokalitetar ila 2023.
- Ågotnes brannstasjon: Her har framdrifta vore litt tregare, men det er laga skisser til ny romdeling i underetasjen av stasjonen, slik at det blir betre tilhøve for rein/skitten-sone deling. Truleg kjem dei fysiske arbeidene i gong ila 2022.
- Nye feie- og tilsynsbilar: Førebyggjande avdeling vil ila 2022 få nye feie- og tilsynsbilar. Der feiebilane får god inndeling i rein og skitten sone. På grunn av utfordringar med levering ser vi ikkje føre oss at dei nye bilane kjem før til hausten 2022.

## Nye møteplattformer og itsystem

Vi fekk installert infoskjermar ved alle tre stasjonane. Denne løysinga gjer at vi kan legge ut oppdateret informasjon om t.d. vaktplanar og annan informasjon av litt meir statisk karakter, som då vert vist på skjermene i dei ulike stasjonane.

Det vart og kjøpt inn møteløysingar (Meet-up) til alle stasjonar. Dette har vore ei bra løysing, som under pandemien har gjort at vi har kunne halde felles øvingar( den teoretisk delen), sjølv om stasjonane ikkje fysisk kunne møtast. Også når det vart mogleg å møtast, har vi halde fram med Teams-samlingar. Dette sparar oss for reisetid og gjer at øvingar vert meir effektive. Ny storskjerm kom på plass i *Kreisen* ved Ågotnes brannstasjon

ØBR tok til med elektronisk timeføring og personalmeldingar i Visma.





## Måloppnåing verksemdsplan 2021

Det store bilete viser bra måloppnåing for avdelinga i 2021.

Inndeling	Mål for 2021 - administrasjonsavdeling	Måloppnåing
Hovudmål	Styrke HR-arbeidet, gjennom gode og formålstenlege avtaler med kommunen, og intern kompetanse og kapasitet	Utført
Sentrale oppgåver	Bistå beredskaps- og førebyggjande avdeling med merkantile oppgåver, og personal- og hmsrelaterte problemstillingar	Utført
	Saksbehandling og utsending av saker for styret	Utført
	Administrere heimeside på internett	Utført
	Kontaktpunkt opp mot bedriftshelsetenesta	Utført
	Budsjettarbeid 2022	Utført
	Årsmelding 2020	Utført
	Statusrapportering til styret	Utført
	Kontaktpunkt oppmot Øygarden kommune i beredskaps- og ROS-relaterte spørsmål	Utført
	Oppfølging og revisjon av interne reglement, retningsliner, arbeidsmiljøundersøking o.l.	Utført
	Strategisk arbeid knytt til organisering. T.d. branndokumentasjon, samarbeidsavtale m.m.	Utført
	Gjennomgong av stillings- og funksjonsomtalar, reglement og retningsliner.	Utført
Kompetanse	Relevant kompetanseheving innan avdelinga sitt ansvarsområde	Utført
HMSK	Gjennomføring av internrevisjon og leiinga si gjennomgong	Utført
	Vernerunder	Utført
	Gjennomføre årssamtalar iht. plan	Utført
	Forvaltar system for handtering av uønska hendingar og avvik (RUHA-meldingar)	Utført
Spesielle oppgåver i 2021	Revidere investeringsplanen av 2019, som vart vedteke av styret for ØBR IKS	Utsett til 2022 grunna uklare økonomiske utsikter
	Fullføre arbeid med revisjon av branndokumentasjon	Utkast utarbeidd. Vore til høyring. Dokumentet blir noko justert. Sak truleg fram for styret ila 2022.

## 4.5 Beredskapsavdeling

Beredskapsavdelinga har m.a. ansvar for vaktberedskap, opplæring av beredskaps personell, forvaltning og innkjøp av materiell og utstyr m.m.

### Covid-19

Også i 2021 vart beredskapsavdelinga sitt arbeid påverka av Covid-19-pandemien. Øving og trening vart redusert til eit minimum for å avgrensa smittespreiing internt og eksternt. Vi har ikkje opplevd utstrekkt påverknad av tap av mannskapstilgang eller tap av beredskapsyting. Også i 2021 vart det gjennomført alternativ 17.mai-feiring der kotesjekjøring med ØBR som leiarar i alle kortesjane vart løysinga. Flott gjennomføring av mannskapa våre også denne gongen!



Kortesje på veg forbi Skogsskiftet 17. mai 2021

## Utrykkingar og oppdrag

Offisielle utkall er 327 til Øygarden kommune (figuren til høgre). I tillegg har ØBR ein del andre oppdrag som ikkje er meldt frå 110 Vest. Døme på andre oppdrag, som ikkje er alarmutkall, er løfte/bæroppdrag meldt frå heimesjukepleien i kommune. Antal utrykkingar og oppdrag er i hovudsak litt under normale variasjonar i periodar på året. Dette er samanliknbart og med andre brann- og redningstenester, og har truleg samaheng med pandemien. Vi vil likevel også for 2021 trekkje fram helse- og redningsrelaterte oppdrag, som no i mange år har hatt ein jamn stigning i antal oppdrag. ØBR har etterkvart god kompetanse innafor feltet, og eit godt samarbeid med kommunelegen om dette. Også i 2021 har vi fleire dokumenterte livreddande innsatsar.


Vi ser at vi vert involvert i oppdrag som ligg i grenseland med det som er våre primær oppgåver, og ser difor behov for å arbeide vidare mellom anna innafor feltet akutt forureining (båtvrak er her eit stikkord) for å få betre system kring denne type saker.

Figuren til høgre viser oppdrag i Øygarden kommune sortert etter hovudkategoriar definert i BRIS. Kjelde Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB.

Utmarksbrannen mellom Fjæreide og Ågotnes var den største hendinga i 2021. Store styrkar frå eigne og andre var i sving og det vart nedlagt mykje godt arbeid i aksjonen. Likevel enda det med at vi mista eit bustadhus i brannen. Eigen evaluering av hendinga er utarbeida. Det vart laga ein eigen rapport etter hendinga.

Bilete til høgre viser ei pause for nokre av innsatsmannskapa både frå andre brann- og redningstenester og sivilforsvaret. Ei rekkje brannbilar er parkert i rekkje ned bakken mot portvakta til CCB.

OPPDRA 2021 ØYGARDEN KOMMUNE



## Bemanning

Avdelinga har ansvar for beredskapspersonell i brannstasjonane Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes. I tillegg kjem ansvar for depotstyrken til Kystverket lokalisert til eigne lokalar på Mongstad-base. Vaktberedskapen vart auka i typiske ferie/fritidsperiodar, som jul, nyttår og påske, samt i sommarferieperioden. 2021 har vore prega av fleire kortare og lengre permisjonar, hovudsakleg pappapermisjonar, og nokon pga. helse. 3 mannskap slutta etter oppmådd pensjonsalder. 2 mannskap har slutta av anna årsak. Det vart ansatt 4 nye konstablar og det vart også engasjert 2 langtidsvikariat som vart omgjort til faste stillingar fra 2022.

## Opplæring/kurs/seminar

Det har vore gjennomført internopplæring, og Norges brannskole sitt nettkurs for nytilsette. Dette vert gjort kontinuerlig i etterkant av tilsettinga. Det er også gjennomført kurs som planlagt for å få kvalifisert uttrykkingeleiarar (utrykkingslediarkurs, deltid) slik vi planla. Samarbeidet med Nordhordland brann og redning (NHBR) om kurset har gått bra, og alle 18 deltakarane kom gjennom med gode resultat. Vi hadde 7 deltakarar frå ØBR med på dette kurset. Instruktørar til kurset vart henta frå ØBR og NHBR. Det vart i 2021 etablert ny teneste for tau og høgderedning ved Dalsneset stasjon. I alt 16 mannskap har gjennomført opplæringa og tenesta er iverksatt. Eige øvingsopplegg er laga for trening i tenesta. Etableringa er gjort i samarbeid med Equinor, og utgjør beredskap for denne type hendinger på anlegga Kollsnes og Sture.


## Utstyr og materiell

Dei nye bilane og utstyret vi fekk seint 2020, har no vore i drift eit år, og har fungert etter intensjonen. Mannskapsbil og tankbil på Ågotnes er dei neste som står for tur mop utskifting.

Ein del materiell gjekk tapt i utmarksbrannen i juni. Dette er erstatta.

## Stasjonar

Det er i 2021 vidareført arbeid for å sikre at alle tre stasjonane våre er i samsvar med dagens krav til HMS for manskapa våre. Skogsskiftet nye stasjon, som del av teknisk bygg Skogsskiftet, er ferdig prosjektert og anbudsutlysing gjennomført. Planlagt oppstart er tidleg i 2022. Dalsneset stasjon har fått ein bygningsmessig oppgradering der garderobe og dusjar mellom anna er etablert, samt eigen inngang for å ta inn utstyr og materiell direkte i vaskerommet. Ågotnes stasjon har gjennomført ein vurdering av mogeleg ombygging for å sikre skilje mellom rein og skitten sone. Dette prosjektet er no ferdig grovplanlagt, og overlatt Sambygg AS for vidare planlegging.



Skisse av område/bygg der ny Skogsskiftet brannstasjon vert ein del.

## Oljeverndepot

Etter at depotet vart flytta til Mongstad i Alver kommune, har vi fått eit meir perifert forhold til det som skjer. Styret vedtok i 2021 å seie opp avtala med Kystverket for depot 04. Alver kommune tek over depot 04 med verknad frå 01.02.2022

## Beredskapssituasjonen

Vi har ansvar for beredskapen i Øygarden kommune, men kjøper sjølve utrykkingsdelen for eit nærare avtalt område i Øygarden aust frå Bergen kommune v/Bergen Brannvesen. Sentrumsutvikling, samanveksing av tettstader og trafikkbilete går i retning av ein meir bymessig struktur i den midtre og austre delen av kommunen. Vedteken branndokumentasjon peiker på eit behov for å styrke beredskapen innfor dette området.

Branndokumentasjonen frå 2017 heimlar fleire endringar i beredskapsorganiseringa, mellom anna styrking av vaktberedskapen ved både Skogsskiftet og Ågotnes brannstasjonar. Vi har vore klar til å starte dette arbeidet, men grunna manglande økonomidekning har vi heller ikkje i 2021 fått auka vaktberedskapen ved desse stasjonane. Det er gjennomført mogelegheitsstudie for å sjekke ut moglegheit for eit tettare samarbeid mellom ØBR og Industrivernet for Kollsnes og Sture.

### Måloppnåing verksemdsplan 2021

Ein del tiltak har vore vanskeleg å nå pga. Coronapandemien. T.d. ein del øvingsaktivitet har vort vanskeleg eller umogleg å få gjennomført pga. Covid-19 smitta. Det store bilete viser likevel rimeleg bra måloppnåing.

Inndeling	Mål for 2021 – beredskapsavdeling	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide for at avdelinga har den kompetanse, utstyr og ressursar, som trengst for å løyse oppgåvene avdelinga er tillagt innafør akseptable risiko og HMS-vilkår	Kontinuerlig fokus på dette
Sentrale oppgåver	Gjennomføre opplæring og øving i høve til lov- og forskriftskrav og vedtekne planar, samt dokumentere dette på ein etterretteleg måte	Utført
	Arbeide saman med kommunen, for å få eit betre system på samhandling med kommunen der det er aksjonar som går til kommunale eigedomar.	Utført
	Arbeide for å sikre trygge og sunne arbeidsforhold for menneskap	Utført (kontinuerleg arbeid)
	Arbeide med vidareutvikling av samarbeidet i Vest brann- og redningsregion, og andre lokale beredskapsaktørar, for å utnytte synergjar og kapasitetar på ein god og formålstenleg måte.	Utført (kontinuerleg arbeid)
	Ha fokus på HMS m.a. ved aktiv bruk av prosedyreverk og øving/opplæring	Utført (kontinuerleg arbeid)
	Oppfølging av rapport/avvik etter Arbeidstilsynet sitt tilsyn	Utført/pågår vidare oppfølging
	Jobbe vidare med å få til god flyt i digitale timelister	Utført
	Vidareutvikle utrykkingsleiarrolla m.o.t. leiarfunksjon opp mot 7-trinnsmodellen.	Starta, men vert vidareført i 2022
	Jobbe med tilpassing/endring i vaktoppsett	Starta, men vert vidareført i 2022
	Redusere bruken av ekstravakter + vurdere eiga vikarpool	Starta, men vert vidareført i 2022
	Byggje lagfølelse i, og mellom, stasjonane	Starta, men vert vidareført i 2022.
	Gjennomføre årleg fysisk test	Utført
Kompetanse	Sikre at personell har formell og reell kompetanse til å utføre dei oppgåver ØBR vert stilt overfor	Utført utrl-opplæring.
	Revidere øvingsplan/bruke øvingsgruppa aktivt	Utført, ref pandemiutfordringar
HMSK	Gjennomføre årssamtalar heiltid, og statusamtalar deltid iht. Plan	Utført
	Bruke prosedyrar inn mot øvingar og opplæring	Utført
Spesielle oppgåver i 2021	Få til eit opplegg kring Ø3BÅT med omsyn til kompetanse og dokumentasjon av oppdrag.	Pågår, vurderast saman med VBR. Uklarhet om dei faktiske krava.
	Arbeide med revidering av ROS/branndokumentasjon	Utført



## 4.6 Førebyggjande avdeling

Førebyggjande avdeling sin aktivitet kan delast inn i følgjande hovudoppgåver; feiing og tilsyn med fyringsanlegg, tilsyn med særskilte brannobjekt og anlegg med farleg stoff m.m., og andre tiltak mot brann. Koronapandemien og naudsynte smitteverntiltak har og i 2021 medført avlysingar, utsetting og endra innhald på fleire av aktivitetane til avdelinga. Redusert bemanning gjennom heile året har og bidratt til redusert produksjon.

### Feiing og tilsyn

Seksjon for feiing og tilsyn har vore råka av låg bemanning. Store delar av året har det vore kun ein feiarsvein tilgjengeleg. Hausten 2021 var to stillingar vakant, samt ein person heilt sjukmeldt heile året. Dette gav produksjonsmessige utfodringar. Det er utført 1 380 av 1 890 planlagte tilsyn og 1 178 feiingar av 2 870 planlagte feiingar i 2021.

### Tilsyn med særskilte brannobjekt

Avdelinga har gjennomført 100 av 106 planlagde tilsyn i 2021. Nokre tilsyn vart avlyst som følge av pandemien. Utvalde tilsynsobjekt er basert på risiko. Ein stilling var vakant heile hausten.

### Tilsyn med fyrverkeriutsal

Det vart gjennomført tilsyn med alle 13 utsal av fyrverkeri på salsdagane 30. og 31. desember.

### Andre tiltak mot brann

På bakgrunn av risikovurdering har vi definert følgjande fem satsingsområder; barn og unge, befolkninga generelt, heimebuande eldre, personar med rusutfordringar og flyktningar. Dei tre sistnemnde er rekna for å ha større sannsyn for å omkomme eller bli skadd i brann enn befolkninga elles. Andre område avdekka i risikovurderinga er forsamlingslokale og bustadblokker. Følgjande førebyggjande tiltak er sett i verk for dei ulike områda åleine eller i samarbeid med andre einingar i kommunen.

### Barn og unge

Førskulegruppene i alle barnehagar er vanlegvis velkommen på besøk på våre brannstasjonar. Her får dei møte Bjørnis, køyre ein tur med brannbilen, sjå og prøve utstyr, samt høyre om brannførebygging i heimen. I 2021 har vi ikkje tatt imot besøk av barnehagar pga. pandemien. Vi har i staden sendt brannbamsen Bjørnis og medhjelpere på besøk til alle 40 barnehagar i kommunen. Besøket vart av smittevernhensyn gjennomført på utsida av gjerdet til barnehagen.



Vi har gjennomført brannvernundervisning av for 3., 6. og 9. klassar. Vi har og gjennomført undervisning for 7. klasse, då dei ikkje fekk undervisning i 2020 pga. smitteverntiltak. På slutten av året gjennomførte vi undervisning for dei som går i 3. klasse skuleåret 21/22, dette fordi vi flytta undervisnings frå januar til desember. I 3. klassane utnemner vi elevane til 110-agentar, og dei får i oppgåve og sjekke ut branntryggleiken heime i bustaden sin. 6. og 9. klassar får teoriundervisning samt praktiske sløkkjeøvingar. Til saman har om lag 2 700 elever i 3., 6., 7. og 9. klasse delteke i brannvernundervisninga i 2021.

### Befolkninga generelt

Vi gjennomfører kvart år fleire brannførebyggjande kampanjer med stand og annan oppsøkande aktivitet. Av smittevernhensyn vart fleire av desse aksjonane gjennomført digitalt. Det vart då lagt ut brannverninformasjon og konkurransar på facebook og nettsida vår. Aksjon boligbrann vart gjennomført med stand på kjøpesentre med utdeling av førebyggjande materiell, trekking av komfyrvaktar og mange gode samtalar med innbyggjare i kommunen. I sommar besøkte vi to campingplassar i kommunen. Vi kontakta bebuare på campingplassen med informasjon om korleis ein kan sikre seg mot brann i campingvogna/campingbilen. Det er eit stort behov for informasjonsarbeid retta mot campingvogn-/bil eigarar. I desember arrangerte vi julekonkurransar med branntema for barn og vaksne på nettsida vår.



### Heimebuande eldre

For denne gruppa har vi ein rekke tiltak som komfyrvaktkampanjen, befarig i bustadblokker. Heimebesøk med montering av røykvarslare knytt til tryggjetsalarmen i samarbeid kommunalsjefområde Helse og velferd.

### Flyktingar

I samarbeid med flyktingetenesta gjennomfører vi teoretisk og praktisk brannvern-opplæring av alle flyktingar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Vi har og gjennomført heimebesøk med fokus på branntryggleiken i nokre utvalde bustader for flyktingar i 2021.

### Personar med rusutfordringar

Vi har ikkje iverksett tiltak for denne gruppa endå. Vi har jobba i Vest brann og redning med å utarbeide forslag til førebyggjande tiltak. Vi vil i 2022 ta initiativ til samarbeid med aktuell eining i kommunen for å sjå på mogelege tiltak for denne gruppa.

### Bustadblokker

Vi får mange brannrelaterte spørsmål frå personar som flyttar inn i blokk for fyrste gong som er usikker på branntryggleiken i blokka. Vi besøkjer styrene i ulike i bustadblokker og informerer om brannvern og styrets ansvar for branntryggleiken. Dette tiltaket har vore nedprioritert i 2021 som følgje av bemanningssituasjonen og av smittevern hensyn. Vi har fått gjennomført 2 slike besøk i 2021.

### Forsamlingslokalar

Vi gjennomfører synfaring i forsamlingslokalar saman med representantar for styre/eigar for å bidra til å betre branntryggleik i desse lokala. Dette tiltaket har heller ikkje vore prioritert i 2021 og det er kun gjennomført eitt slik besøk i 2021.

### **Sal av kurs**

Avdelinga tilbyr brannvernkurs og førstehjelpskurs. Etterspørselen på kurs har vore god i 2021, men mange kurs har blitt avlyst grunna Koronapandemien, Vi har og pga. kapasitet måtte avslå ein del førespurnader om kurs i 2021, da vi har prioritert lovpålagte oppgåver.

### **HMS**

Avdelinga har tidlegare utarbeida ei risikoanalyse om soteksponering på feiarane. Analysen avdekkja forbedringspotensiale på fleire område, som til dømes skilje mellom rein og skitten sone i køyretøya, og på Ågotnes brannstasjon.

Ombygging av Ågotnes stasjon er under planlegging og nye feie- og tilsynsbiler med tett skilje mellom skitten og rein sone er bestilt.



Døme på krevjande tilkomst for feiarane.

### Måloppnåing verksemdsplan 2021

Ein del tiltak har vore vanskeleg å fullføre på grunn av smittevernhensyn og mangelfull bemanning. Vi har måtte prioritere mellom oppgåver. Vi har difor takka nei til ein god del kursførespurnader, då dette ikkje er ei lovpålagt oppgåve. Det store bilete viser likevel rimeleg bra måloppnåing.

Inndeling	Mål for 2021 – førebyggjande avdeling	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide aktivt for å førebyggje brann og andre akutte ulykker.	Utført
Sentrale oppgåver	Vidareføre tilbod om brannvernopplæring til 3.- 6.- og 9.-klassar samt førskulegruppene i barnehagane.	Utført
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak for flyktingar og heimebuande eldre i samarbeid med kommunen.	Utført
	Starte opp brannførebyggjande tiltak retta mot personar med rusproblem.	Utsett til 2022
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot bustadblokkar/sameige.	Redusert aktivitet grunna pandemien
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot forsamlingslokalar.	Redusert aktivitet grunna pandemien
	Gjennomføre tilsyn med særskilte brannobjekt iht. plan	Utført
	Gjennomføre tilsyn med anlegg med farleg stoff iht. plan.	Utsett
	Saksbehandling av søknader om løyve til sal, oppbevaring og avfyring av fyrverkeri.	Utført
	Delta aktivt i førebyggjande prosjekt gjennom Vest brann- og redningsregion	Utført
	Aktivt bruk av brannbamsen «Bjørnis» i det førebyggjande arbeidet.	Utført
	Delta i sentralt initierte brannførebyggjande kampanjar som til dømes Brannvernuka, Komfyrvaktkampanjen, Røykvarslardagen.	Fullført, med redusert innhald pga. pandemien.
	Gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg i bustader og fritidsbustader iht. til plan.	Ikkje i mål pga. fleire vakante stillingar.
	Evaluering av tenester og brannar som ledd i forbetningsarbeid.	Utført
	Kompetanse	Fokus på å utvikle tilsette sin kompetanse gjennom tildeling av oppgåver, kurs, seminar m.m.
HMSK	Gjennomføre årssamtalar iht. plan	Utført
	Innføre tiltak for å auke talet på gjennomførte feiingar og tilsyn med fyringsanlegg.	Utført
	Evaluering av det brannførebyggjande arbeidet på avdelinga.	Utført
	Sikre innføring av planlagde tiltak for å redusere soteksponering av feiarar.	Utført
Spesielle oppgåver	Utsifting av køyretøy på seksjon for feiing og tilsyn. Sikre innkjøp av køyretøy som tek i vare krav til rein og skitten sone.	Levering seinhausten 2022
	Medverke i prosess med utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel	Utført
	Arbeide med revidering av ROS/brannokumentasjon	Ferdigstilling er utsett til 2022



For Øygarden brann og redning KF  
30.03.2022

**Per Rune Eikeseth**  
styreleiar

**Bjørn Olav Paulsen**  
dagleg leiar/  
brann- og redningssjef